

---

Vår referanse 2020/44978-2  
Dato 24.04.2020

---

ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

## Kulturminnefagleg fråsegn - Søknad om landbruksveg - gnr. 164, bnr. 1 - Sletten - Alver kommune

Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde. Vi viser også til vårt varsel om synfaring i tidlegare innsende sak datert 26.02.2020. Saka gjeld bygging av landbruksveg på Sletten i Alver kommune.

Grunna endra søknad og korona-situasjonen vil me ikkje lengre prioritere ein synfaring til staden.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med vegen. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i/skade på kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltingstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om moglege funn.

Me ynskjer i tillegg å informere tiltakshavar/grunneigar om at Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune også skal varslast om planlagt hogstarbeid for vurdering etter kulturminnelova. Varselet skal innehalde følgande informasjon:

- **Gnr - Bnr - kommune**
- **Kart over hogstområde og eventuelle planlagte driftsvegar, velteplassar, m.m.**
- **Info om eventuelt kjende kulturminneverdiar i området.**
- **Planlagt oppstartsdato**
- **Kontaktperson - e-post og organisasjonsnummer**

Med helsing

Inger Lena Gåsemyr  
fagleiar arealplan

Sigrun Wølstad  
seniorrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift*